



Ard arealplan as v/Jan Espen Vik
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3456 - 16/8091

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
21.03.2016

Gbnr215/2 Eidsnes. Melding om vedtak i sak 036/16, løyve til deling.

Sak 036/16 vart handsama i plan- og miljøutvalet 16.03.2016, og utvalet gjorde følgjande vedtak:

Plan- og miljøutvalet - 036/16 PM - behandling: Fellesframlegg ved H.Reigstad-Sp:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i arealdelen til kommuneplanen, for å dele frå areal til to bustadtomter frå GBNR 215/2 slik det er søkt om. Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve til deling slik det er søkt om.

Fordelane ved å gje dispensasjon er etter ei samla vurdering klart større enn ulempene. Grunngeving for vedtaket er av klar overvekt av fordelar for gjennomføring av tiltaket. Dei er

som følger:

- Areal som er søkt delt frå er ikkje dyrka eller dyrkbar mark. Omdisponering etter § 9 er ikkje naudsynt. I Eikangerbygda (Eikanger/Eidsnes) er det i dag få ledige bustadtomter.
- Områda avsett til bustadområde KPA, i all hovudsak Fyllingsnesprosjektet, har rekkjefølgjekrav knytt til seg som gjer at dei ikkje vert realiserte på mange år.
- Det vert tilknytning til offentleg vassverk og privat anlegg for avløp. (dette avløpsanlegget skal og nyttast til eksisterande bustadhus på gbnr 215/2, då avløp i dag manglar). Dette er ein klar fordel.
- Løyve vil gje ei utbetring av vegkryss for tilkomst til dei nye bustadtomtane og for eksisterande bustader lengre nede i bakken.
- Deling slik det er søkt om, vil ikkje føra til endringar i bruksstrukturen for landbruket. Det gjeld to tomter til bustadføre mål som ligg nær tunet på bruket.
- Driftsmessig god løysing: Tiltaket får ikkje noko å seie for drifta av landbruket. Gardskartet syner arealet som beite, men i røynda er arealet ikkje eigna til dette føremålet. Det er grunnlendt fastmark utan beitegras og med litt tett kratt. Tiltaket får ikkje verknad for landbruksdrifta i området.
- Driftsbygninga ligg på motsett side av fylkesvegen 303.

PM - vedtak: Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i arealdelen til kommuneplanen, for å dele frå areal til to bustadtomter frå



GBNR 215/2 slik det er søkt om. Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løve til deling slik det er søkt om.

Fordelane ved å gje dispensasjon er etter ei samla vurdering klart større enn ulempene. Grunngeving for vedtaket er av klar overvekt av fordelar for gjennomføring av tiltaket. Dei er som følger:

- Arealet som er søkt delt frå er ikkje dyrka eller dyrkbar mark. Omdisponering etter § 9 er ikkje naudsynt. I Eikangerbygda (Eikanger/Eidsnes) er det i dag få ledige bustadtomter.
- Områda avsett til bustadområde KPA, i all hovudsak Fyllingsnesprosjektet, har rekkjefølgjekrav knytt til seg som gjer at dei ikkje vert realiserte på mange år.
- Det vert tilknytning til offentleg vassverk og privat anlegg for avløp. (dette avløpsanlegget skal og nyttast til eksisterande bustadhus på gbnr 215/2, då avløp i dag manglar). Dette er ein klar fordel.
- Løyve vil gje ei utbetring av vegkryss for tilkomst til dei nye bustadtomtane og for eksisterande bustader lengre nede i bakken.
- Deling slik det er søkt om, vil ikkje føra til endringar i bruksstrukturen for landbruket. Det gjeld to tomtar til bustadføremaal som ligg nær tunet på bruket.
- Driftsmessig god løysing: Tiltaket får ikkje noko å seie for drifta av landbruket. Gardskartet syner arealet som beite, men i røynda er arealet ikkje eigna til dette føremålet. Det er grunnlendt fastmark utan beitegras og med litt tett kratt. Tiltaket får ikkje verknad for landbruksdrifta i området.
- Driftsbygninga ligg på motsett side av fylkesvegen 303.

Saksutgreiinga føl vedlagd.

Saka vert no sendt til Fylkesmannen for at dei skal vurdere om dei vil nytte høvet dei har til å klage over kommunen sitt vedtak. Dersom fylkesmannen ikkje finn at det er grunn til å klage, er saka avgjort og løyve til deling er gjeve.

Med helsing

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ard arealplan as v/Jan Espen Vik

Nygårdsgaten 114 5008

BERGEN